



BERGEN KOMMUNE

Masfjorden kommune
Postmottak
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Bergen,

12. juni 2023

Refusjonskrav 2023 for Syns- og Audiopedagogisk Teneste - grunnlag

Vi viser til avtale om utgiftsfordeling vedr. Syns- og Audiopedagogisk Teneste og tillater oss å oversende grunnlag for refusjonskrav for Masfjorden kommune sin andel av driftsutgiftene for 2023.

I følge avtalen for Syns- og Audiopedagogisk Teneste fra 2017, skal utgiftene fordeles i henhold til totalt innbyggertall i kommunene. Til grunn for refusjonskrav for 2023 ligger således SSB's opplysninger om innbyggertall pr. 01.07.2022.

Refusjonsgrunnlaget (Vedtatt budsjett for 2023) og fordeling av refusjon fremgår av vedlagte dokumentasjon.

Refusjonskravet til Masfjorden kommune utgjør kr 36 487,-.

NB: Dette brevet er **ikke** et refusjonskrav, kun dokumentasjon.

Refusjonskravet har følgende **ordrenummer:**

20617163

Vi viser også til vedlagte Årsmelding

Med vennlig hilsen

Syns- og Audiopedagogisk Teneste

Bente Tunestveit

Bente Tunestveit

leder

Utgiftsfordeling			
Syns- og Audiopedagogisk Teneste			2023
	Folke-mengde 01.07. 2022	Prosent-andel	Utgiftsfordeling 2023
Totalt refusjonsgrunnlag :			13 221 000
Herav Vestland fylkeskommune, 10%			1 322 100
Herav Bergen kommune, 0%			0
Rest, 90% , til fordeling på kommunene etter elevtall.			11 898 900
Askøy	29 928	5,59 %	665 436
Alver	29 784	5,57 %	662 235
Austevoll	5 304	0,99 %	117 932
Austrheim	2 876	0,54 %	63 947
Bergen	288 133	53,84 %	6 406 515
Bjørnafjorden	25 416	4,75 %	565 114
Bømlo	12 116	2,26 %	269 394
Eidfjord	955	0,18 %	21 234
Etne	4 035	0,75 %	89 717
Fedje	496	0,09 %	11 028
Fitjar	3 158	0,59 %	70 217
Kvam	8 496	1,59 %	188 905
Kvinnherad	13 030	2,43 %	289 717
Masfjorden	1 641	0,31 %	36 487
Modalen	375	0,07 %	8 338
Osterøy	8 160	1,52 %	181 434
Samnanger	2 506	0,47 %	55 720
Stord	19 002	3,55 %	422 501
Sveio	5 746	1,07 %	127 760
Tysnes	2 913	0,54 %	64 769
Ullensvang	10 949	2,05 %	243 446
Ulvik	1 052	0,20 %	23 391
Vaksdal	3 873	0,72 %	86 115
Voss	15 932	2,98 %	354 241
Øygarden	39 277	7,34 %	873 307
Sum	535 153	100,00 %	11 898 900
Sammendrag:			
Refusjon fra Vestland fylkeskommune		10,00 %	1 322 100
Refusjon fra andre kommuner		89,52 %	11 834 953
Refusjon i alt			13 157 053
Bergen kommunes andel av kommuners og fylkeskommunes bidrag		0,48 %	63 947
Totale utgifter:		100,00 %	13 221 000

SYNS- OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE (SAPT)

Årsmelding 2022 Årsplan 2023



Syns- og Audiopedagogisk Teneste

Adresse: Møllendalsveien 1A, 5009 Bergen
Sentralbord: 53 03 72 50
E-post: synogaudio@bergen.kommune.no
Heimeside: www.bergensskolen.no/synogaudio



ÅRSMELDING SYNS- OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE I HORDALAND 2022

Fakta om tenesta

Oppdraget til SAPT er nedfeld i ein klar avtale mellom 25 kommunar i Vestland fylke og Vestland fylkeskommune, revidert og gjeldande frå 01.01.2017.

SAPT skal sikra kommunane og fylkeskommunen tenester innan syn/hørsel der desse ikkje har tilstrekkeleg fagleg kompetanse sjølv til å oppfylle krava i barnehagelov, opplæringslov og lov om folketrygd.

Tenesta er finansiert etter innbyggjartal og gjennom eit samarbeid mellom 25 kommunar i fylket og Vestland fylkeskommune. Arbeidsgjevar (vertskommune) for tenesta er Bergen kommune.

SAPT er ei eining innanfor Byrådsavdeling for Barnehage, Skole og Idrett, og organisatorisk plassert i etat for spesialpedagogiske tenester i Bergen kommune.

Grunnlaget for denne organiseringa er nedfeld i "Spør oss! Strategi for inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO", som vart vedteken i Bergen bystyre 27.01.21. Den har som mål å viske ut nokon av skila mellom det spesialpedagogiske og allmennpedagogiske feltet, og har som mål at alle born og unge får realisert sitt potensiale for læring og utvikling, at dei får medverke i utforming av sitt eiga tilbod og at dei vert inkluderte i eit fellesskap.

Tenesta har eit eige styre der eigarane, brukarorganisasjonar og dei tilsette er representerte. Kommunane sine representantar var i 2022 frå høvesvis Fitjar og Tysnes. Styreleiar er frå vertskommunen.

Brutto utgifter i 2022 : 13.324.731

Fråvær 2022: 4,9%

Tal på tilsette : 14

Tal på årsverk: 12,8 stillingar fordelt på 12 damer og 2 menn.

SAPT har kontorlokale i Møllendalsveien 1 a i Bergen.

Utviklingstrekk innanfor resultateininga sine tenester i 2022

Etter samanslåinga til Vestland fylke tok fylkeskommunen initiativ til at kommunane i Sogn og Fjordane skulle verta inviterte med i samarbeidet. Styret for SAPT har følgd dette opp, og har i 2022 førebudd ei utviding av SAPT. Dette er gjort gjennom informasjonsmøter og dialog med kommunane i Sogn og Fjordane.

Syns- og audiopedagogisk teneste har fungert som ei interkommunal teneste i Hordaland i mange år. Ved endring av kommunelova i 2020 er det nye krav til interkommunale samarbeid som alle deltakande kommunar må behandle i sine kommunestyrer.

Styret har førebudd ny samarbeidsavtale tilpassa ny kommunelov i tråd med kommunelova sitt kapittel 19 - Kommunalt oppgavefellesskap. Denne er klagjort for utsending i første del av 2023, både til eksisterande samarbeidskommunar, og til kommunar i Sogn og Fjordane.

I januar 2022 flytta SAPT i nye, større lokale som er bedre tilpassa SAPT sine behov for utprøvsrom til brukarar og møtefasilitetar. Lokalet er i same bygg og same etasje som før.

SAPT har stått for utgreiing/kartlegging av tilmelde brukarar som har rettar etter Barnehagelova, Opplæringslova og Lov om folketrygd. Det er gjeve råd og rettleiing til brukarar, føresette, lokalt



hjelpeapparat, pedagogar og anna personale i barnehagar og skular, helsepersonale, arbeidsgjevarar o.a. Tenesta har hatt innlegg på kurs og samlingar.

SAPT har i 2022 gjeve tenester til brukarar tilpassa personaldisposisjonar og økonomiske ressursar som er til rådvelde.

Arbeidet omfatta også bistand til PPT og OT/PPT med fagkunnige uttalar i samband med sakkunnig vurdering i saker som gjeld syns- og hørselsproblematikk .

SAPT har delteke i utviklingsområda, både drifts- og fagmessig, i tråd med oppdraget til Etat for spesialpedagogiske tenester i Bergen kommune. Ein har særleg arbeidd rundt områda risikovurderingar og kompetanseløftet. Alle områder skal risikovurderast og leggest inn i eit nytt system, BK kvalitet, saman med rutinar for ulike risiko. Ein skal byggje opp eit godt og sikkert system. Målet med risikovurderinga har vore i forhold til skjerpå plikt til internkontroll, å få betre prosedyrar, betre kvalitetssystem, og kordan me dokumenterer prosedyrar og rutinar betre.

I oktober vart medarbeidarundersøkinga, 10-faktor, gjennomført. Resultata av denne vart klare heilt i slutten av 2022, så analyse og tiltak vart vidareførte til 2023.

2021 var prega av større sjukefråvær enn vanleg ved SAPT. Dette har betra seg noko i 2022, og tenesta har gått frå eit sjukefråvær på 8,1% i 2021 til 4,9% i 2022.

Rekneskap 22

Brutto utgifter for 2022 er på kr 13.324.731,-

Stort avvik på leie av lokaler, parkeringsplasser og energi, utgifter som følge av å flytte over i nye og større lokaler, medførte at det blei eit underskudd på kr -505 594,-

Resultateininga sine hovudmål/satsingsområde i 2022

Hovudmåla er både system- og brukarretta. Alle som har eit reelt hørsels-/synstap, kan få hjelp frå tenesta. Nødvendig dokumentasjon er epikrise frå spesialisthelsetenesta. I utgangspunktet vert det ikkje stilt noko krav til kven som kan søkja om bistand frå tenesta. Alle som oppfyller inntakskravet , også brukaren sjølv, kan ta kontakt med tenesta for å få bistand.

Arbeid på systemnivå:

- For å gje brukarane rask og best mogleg hjelp, skal SAPT samarbeida med kommunale og fylkeskommunale tenester.
- SAPT skal samarbeida med, og gje faglege råd til, PP tenesta i kommunane og OT/PPT i fylkeskommunen. Samarbeidet kan omfatta rettleiing og rådgjeving til PPT i forbindelse med sakkunnige utgreiingar. PPT og OT/PPT skal kunne nytta SAPT i saker som krev særleg relevant kompetanse innan det hørselsfaglege og synsfaglege feltet.
- SAPT skal arbeida aktivt for å fremje kunnskap og kompetanse knytt til ulike syns- og hørselstap gjennom informasjon retta ut mot kommunane, fylkeskommunen og andre samarbeidspartar.
- SAPT skal samarbeida med Statped , spesialisthelsetenesta og NAV Hjelpemiddelsentralen etter klare samhandlings- og rutinebeskrivingar.

Arbeid på individnivå:

- SAPT skal kartleggja, gje informasjon, råd og rettleiing til brukarar, føresette og nettverk innan syn og hørsel. Råd og rettleiing i form av pedagogiske, praktiske og tekniske tiltak kan gjevast heime hos brukar, i barnehage og skule/opplæringsstad, eller på andre aktuelle stader.

- SAPT skal informera brukararar med dokumenterte syns- og hørselstap om aktuelle og relevante hjelpetenester for vidare oppfølging.

2022 har vore prega av å vidareføra oppdraget vårt nedfeld i revidert avtale mellom oppdragsgjevarane våre, gjeldande frå 01.01.2017.

I og med at SAPT har fått gode møterom i dei nye lokala, har det vore enklare å samla alle tilsette til felles møtepunkter.

- Dei ulike faggruppene har hatt internopplæring for kvarandre for å auke forståing og kunnskap om kvarandre sine oppgåver og roller.
- Alle tilsette har hatt opplæring i forhold til personvern i regi av ekstern førelesar.
- To tilsette frå Eikholt kompetansesenter for døvblinde har gjennomført kursdag for tilsette i SAPT, hos SAPT.
- Representant frå tegnspråkutvalget orienterte tilsette på SAPT om den nye språkløva.

SAPT deltok i september -22 i Billund på ein nasjonal konferanse innan syn.

Tilsette har delteke på fleire digitale kurs og samlingar i perioden. Me erfarer at fleire kurs og samlingar som før var fysisk, no vert tilbydd oss digitalt. Dette gjer at fleire kan delta, det er både kostnads- og tidssparande. Samtidig er også dei fysiske møta med andre samarbeidspartar og fagfolk verdifulle for utviklinga til den einskilde og til SAPT.

Etter fleire år med pandemi har SAPT etablert noko kompetanse og nye vaner for å delta på møter som effektiviserer delar av SAPT si møtedeltaking. Det har framleis vore nødvendig med fysiske møteplassar i mange brukarsaker, men noko har likevel vore mogleg å utføra digitalt.

Ein har i perioden hatt jamlege samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar. SAPT har saman med NAV – Hjelpemiddelsentralen Vest utarbeidd nye samarbeidsrutinar.

Helse miljø og tryggleik

Det er utarbeidd «Helse, miljø og sikkerhetshåndbok for Syns- og Audiopedagogisk Teneste i Hordaland (SAPT) «Arbeidsmiljølov og forskrift om systematisk HMS-arbeid». Denne er i tråd med retningslinjer for Bergen kommune og tilpassa SAPT. Beredskapsplan for SAPT er utarbeida etter mal frå Bergen kommune, tilpassa tenesta.

SAPT har AMG (arbeidsmiljøgruppe) som består av verneombod, tillitsvald og leiar. Arbeidsmiljøgruppa er resultateninga sitt samarbeidsorgan innan helse-, miljø- og tryggleik, forankra i mål og retningslinjer som gjeld for arbeidet. AMG gruppa har hatt jamlege møter i heile 2022.

Brukartal

Tal på saker Syn

Kommune	Aktive saker 2019-2022	Nye saker 2022
Alver	98	10
Askøy	92	10
Austevoll	26	2
Austrheim	8	1
Bergen	842	134
Bjørnafjorden	77	5
Bømlo	33	6
Eidfjord	0	0
Etne	12	3
Fedje	5	1
Fitjar	10	1
Kvam	23	5
Kvinnherad	36	5
Masfjorden	12	0
Modalen	0	0
Osterøy	24	3
Samnanger	11	3
Stord	38	7
Sveio	14	3
Tysnes	6	2
Ullensvang	58	8
Ulvik	7	1
Vaksdal	12	0
Voss	52	11
Øygarden	132	17
Sum	1628	238

Tal på saker Hørsel

Kommune	Aktive saker 2019-2022	Nye saker 2022
Alver	92	20
Askøy	77	19
Austevoll	17	2
Austrheim	3	2
Bergen	928	240
Bjørnafjorden	83	22
Bømlo	40	11
Eidfjord	3	1
Etne	16	2
Fedje	1	0
Fitjar	12	2
Kvam	19	2
Kvinnherad	40	11
Masfjorden	7	2
Modalen	2	1
Osterøy	30	4
Samnanger	6	2
Stord	57	9
Sveio	13	6
Tysnes	7	0
Ullensvang	28	10
Ulvik	5	1
Vaksdal	7	3
Voss	54	9
Øygarden	107	20
Sum	1654	401

ÅRSPLAN 2023

Verdiplattform:

- SAPT sine tjenester skal kjennetegnes ved god kvalitet og høy faglig kompetanse i et tverrfaglig samarbeid som kommer tjenestens brukere til gode
- SAPT skal være en inkluderende arbeidsplass der alle medarbeidere lojalt bidrar til å virkeliggjøre tjenestens visjoner, mål og verdier
- SAPT skal arbeide i et langsiktig perspektiv, og bidra til at syns- og hørselshemmede inkluderes som likeverdige deltakere i samfunnet

Stortingsmelding nr 6, Tett på, vart vedteken i Stortinget i 2020. Meldinga beskriver endra oppgåver for Statped, og kommunane har fått fleire oppgåver i forhold til menneske med mellom anna syns og/eller hørselsutfordringar. Det er lagt meir ansvar ut i kommunane, og saman med våre samarbeidskommunar må me laga ein strategi på å ivareta brukarane/innbyggjarane våre på best mogleg måte.

Mål for 2023: Brukermedverknad, inkludering, organisering.

Tiltak:

- SAPT skal arbeida systematisk saman med brukar slik at brukar sin rett til medverknad og innverknad vert høyrd og ivareteken.
- SAPT skal arbeida for at born og unge brukarar opplever eit trygt og inkluderande leike- og læringsmiljø.
- SAPT skal bistå med kompetanse til syns- og hørselskontaktar i dei ulike kommunane.
- SAPT skal førebu seg på organisering i eit SAPT Vestland.

Internt HMS- arbeid

Tenesta arbeider for at fysiske og trivselsmessige forhold er tekne i vare på best mogleg vis:

- Arbeidsmiljøgruppe
- Medarbeidarsamtalar
- Medarbeidarundersøking , oppfølging av 10-faktor.
- Vernerundar
- Nærværarbeid
- IA - arbeid
- Dialogmøter
- Personalsamlingar/Sosialt samvær

